



Evalueringsrapport etter flaumen i Skjåk kommune 14. og 15.oktober 2018

Del I – Evaluering frå Skjåk kommune

Del II – Evaluering av regionale etatar si handtering av flaumen



Foto: politiet

Innhold

Del I –	5
Evaluering av kommunens arbeid under flaumen i Skjåk 14. og 15. oktober 2018	5
Bakgrunn	5
Samandrag med konklusjon	5
Kommunens kriseleiing, KKL	6
Evaluering	6
Korleis klarte vi å handtere ei såpass stor hending?	7
Krisehåndtering	7
Tidslogg dei fyrste timane	7
Innkalling	7
Deltakarar i Kommunens kriseleiing og eksterne aktørar	8
Politi	8
Informasjon	8
Beredskapsrommet	9
Stabsmøte	9
Telefon/sentralbord	10
Samband	10
Lokalkunnskap	11
Evakuerte og pårørendesenter (EPS)	11
Samarbeidende interne tenester	12
CIM	13
Presse	13
Samarbeid mellom ulike etater	13
Beverting	14
Gjenoppretting	14
Vegen vidare	15
Del II – Evaluering av regionale etatar si handtering av flaumen	16
Bakgrunn	16
Regionalt involverte aktørar	16
Fylkesmannen, samordning og beredskapsstaben	16
Politiet Innlandet	16
Statens Vegvesen	17
NVE	17

Sivilforsvaret.....	18
Røde Kors	18
Forsvaret.....	18
110-sentralen	18
IUA Oppland	18
Kystverket.....	19
Oppsummering av regional bistand:	19
Samordning	19
Fylkesmannens vurdering.....	20
Anbefalinger som bør følges opp av departement og/eller direktorat:	20
Suksessfaktorer og andre erfaringer	21
Vedlegg.....	22

Samandrag

Skjåk-flaumen den 14. og 15. oktober 2018 var ei stor hending med omfattande skader på bygningsmasse, eigedom og infrastruktur. Årsaka til flaumen var mykje regn, uvanleg varmt vær kombinert med smelting av nysnø. Hendinga var ikkje varsla.

Til alt hell førte ikkje hendinga til tap av menneskeliv, men gav psykiske og økonomiske utfordringar for dei som ble ramma med tap av bustad og materielle verdiar. Det var nærare 100 evakuerte og kommunen oppretta to evakueringsstader. Fleire av dei evakuerte vart henta med helikopter, men dei fleste evakuerte seg sjølv.

Kommunane handterte krisa godt, med god støtte frå Politi, Forsvaret, IUA Oppland, SVV og Røde Kors. Ein vesentleg suksessfaktor til at det gjekk så bra, var lokalkunnskapen til stadlege representantar frå Politiet, Sivilforsvaret, Statens vegvesen, Røde Kors og NVE.

Hendinga knytt til industriverksemda Glasitt AS i Skjåk kommune, kor flaumen tok med seg varelageret av glasopor på omkring 24.000 m³ vil ikkje bli handsama særskild i denne rapporten. Saken blir fylgt opp som ei eiga sak av Fylkesmannen i Innlandet si eining for vassforvaltning og forureining, i samarbeid med Skjåk kommune.

Del I –

Evaluering av kommunens arbeid under flaumen i Skjåk 14. og 15. oktober 2018

Bakgrunn

Sundag 14. oktober 2018 opplevde Skjåk høgare vasstand enn nokon kan hugse tidlegare.

Til tross for omfanget av flaumen kom ingen personar til skade, og ingen liv gjekk tapt.

Bakgrunnen for flaumen var spesielt stor vassføring i dei vassdraga som drenerer dei sørvestre delane av Skjåk. Grenseområda mot Luster hadde i perioden før flaumen fått mykje nedbør i form av snø. Rask temperaturauke førte til mykje snøsmelting i fjellet. I tillegg kom det meir nedbør. Det var særleg elvene Skjøle, Tundre og Ostre som fekk ekstra stor vassføring. I desse vassdraga vart det store materielle skader.

Samandrag med konklusjon

Skjåk kommune har aldri satt kriseleiing tidlegare, og har såleis ikkje erfaring med ei hending av eit slikt omfang som flaumen 14. og 15. oktober. Med tanke på flaumen sitt omfang og intensitet kan vi konkludere med at arbeidet som vart gjort dei to dagane det stod på var vellykka. Da justis-, beredskaps- og innvandringsminister Tor Mikkell Wara besøkte Skjåk dagen etter flaumen meinte han at Skjåk hadde hatt den beste kriseleiinga i landet. Denne rapporten vil likevel vise at vi har forbetringsspunkt vi skal ta med inn i det vidare beredskapsarbeidet.

Evalueringa viser at ein jamt over er tilfreds med arbeidet som vart gjort. Det var gjeve god informasjon til publikum, noko som er svært viktig ved ei såpas omfattande hending. Kommunikasjonen og samarbeidet mellom ulike kommunale og eksterne aktørar blir og oppfatta som godt. Ein ser at all lokalkjennskap er viktig. Og at øvingane vi har hatt tidlegare gjer at vi har kjennskap til kvarandre, noko som er vesentleg i ei hending som denne.

Det var klart definere kven som skal svare pressa og på den måten skjerme den kommunale kriseleiinga. Dette virka bra, og ordføraren tok unna mykje press frå kriseleiinga.

Til tross for at Bismo etterkvart var innestengd var det gode rutiner for å halde dei som arbeida med leiinga med god og næringsriktig mat. Dette blir trekt fram av fleire som ein suksessfaktor når ting går over tid.

I tillegg til desse suksessfaktorane vil rapporten vise at det var fleire faktorar som gjorde at kriseleiinga har fått skryt i ettertid.

Rapporten vil og vise punkt vis er at det er mogleg å forbetre.

Heimesidene kan si meir om beredskap og krise, og ha forhandsdefinerte telefonnummer til publikum.

Vi har alt fått på plass rutiner for korleis ein skal opne sentralbordet utanom ordinær opningstid. Ein ser at beredskapsrommet må utstyrast med fleire skjermar, aggregat og ei antenne til satelittelefonen.

Naudsamband vart i liten grad brukt under flaumen. Årsaka til dette er nok manglande kjennskap til korleis det skal brukast, vi må difor sjå på korleis vi skal gje opplæring i bruk av samband.

Rutinene for oppretting av Evakuert og pårørande-senter må utdjupast slik at arbeidsoppgåver og roller blir tydelegare. Det er viktig at dette også blir trent ved øvingar, ikkje berre kriseleiinga.

Vi ser at det er naudsynt å sjå på rutinene for innkalling til kommunens kriseleiing, og at kommunalsjefane må vere med uansett type hending. Dette for å sikre informasjon til dei ulike tenestene i kommunen sjølv om dei ikkje er direkte berørte.

Kommunens kriseleiing, KKL

I fylge Skjåk kommune sitt beredskapsplanverk, vedteke 25.2.2016, er krise ei uynskt hending som rammer større grupper menneske og er meir omfattande enn det ordinære hjelpeapparatet taklar tilfredsstillande. Katastrofe er definert som ei uventa og potensielt traumatiserande hending der talet på ramma personer med behandlingsbehov går langt over tilgjengelege ressursar som finns i nærområdet av katastrofa.

Det er fire grunnleggande prinsipp for krisehandtering som blir lagt til grunn for samansettinga og eigenskaper i den kommunale kriseleiinga. Ansvar, nærleik, likheit og samhandling.

Dette gjer at den som til dagleg sitt med ansvaret for ei verksemd også har ansvaret for verksemda i ein krisesituasjon. Ei krise skal handterast så nær der den oppstår og med ein organisasjonsstruktur som er så lik den ordinære som mogleg.

Kommunens kriseleiing er den som har det kommunale ansvaret for å leie krisa. I akuttfasa vil det normalt vere «vakthavande tenestemann». Ved ei større hending vil kommunens toppleiing bli kalla inn og etter kvart ta over leiinga.

Kriseleiinga skal syrgje for at ein har oversikt over situasjonen og gi ei kort utgreiing over kjende fakta. Vidare skal KKL ha oversikt over tiltak som er iverksett, økonomi, føvonta utvikling og aktuelle tiltak.

I kommunens kriseleiing sitt ordførar, rådmann, lensmann, informasjonsansvarleg, beredskapsjef, kommuneoverlegen og andre fagpersoner. Dei andre fagpersonane blir kalt inn etter behov, desse kan gjerne vere eksterne.

Evaluering

Denne rapporten vil kun ta for seg arbeidet som vart utført i akuttfasen søndag 14. oktober til tysdag 16. oktober. Etterarbeid med opprydding og gjenoppretting vil koma som ein eigen rapport seinare.

Spørjeskjemaet som ligg vedlagt vart sendt til alle som var med i KKL søndag 14.10. og måndag 15.10.2018. Fylkesmannen har sendt det same skjemaet, med nokre tilleggsspørsmål, til dei tenestene som var med under flaumen. Dei som fekk spørjeskjemaet fekk 2 veker svarfrist. Dei fleste har respondert. Rapporten frå Skjåk kommune og Fylkesmannen må sjåast i samanheng, men vi har vald å lage to separate rapportar.

Denne rapporten vil si litt om bakgrunn for hendinga, før den har ein gjennomgang av arbeidet som vart gjort i kommunens kriseleing (heretter KKL) og dei etatane dei samarbeida med. Målet med rapporten er å sjå kva som gjekk bra, kva suksessfaktorar hadde vi på plass. Og så vil eg sjå på dei forbetringpunkta som kjem fram etter hendinga. Målet er at vi kan ta med oss dette vidare og gjere nokre av forbetringpunkta om til suksessfaktorar ved ei seinare hending.

Korleis klarte vi å handtere ei såpass stor hending?

Dei som har svart på spørreskjemaet har sagt at dei meiner hendinga vart handtert på ein god måte. Alt i alt har KKL fått mykje skryt etter flaumen. Det er likevel viktig å hugse at vi må ta med oss forbetringpunkta vi finn i det vidare arbeidet med beredskap i Skjåk.

Krisehåndtering

Ei hending som flaumen går over lang tid. Det kan vere fint å tenke gjennom om ein skal dele KKL inn i to ulike lag som har ein «turnus». Laga må ha ein definert leiar og nestleiar.

Tidslogg dei fyrste timane

Det er ikkje alltid like lett å vite om ein går inn i ei krise, eller om hendinga vil gå over. Under er tidsloggen til beredskapskoordinatoren dei fyrste timane, for å vise kor fort ei hending går over til krise.

- Rådmannen ringde beredskapskoordinator 03.55
- Beredskapskoordinator snakka med politi/operasjonssentral 03.59, fikk beskjed om å legge seg att. Ta det med ro
- Operasjonssentral ringte attende 04.59
- Snakka med teknisk vakt for å få hjelp til å til å kartlegge bruer 05.02
- Ringte leiar for teknisk 05.06
- Operasjonssentralen ringte attende tilbake 05.11
- Snakka med leiar for teknisk 05.15 for å få tak i meir folk til å halde oversikt over sideelvene, han ville reise ut sjølv
- Snakka med rådmannen som sa han ville reise til Skjåk 05.20
- Beredskapskoordinator reiste på jobb, til tross for at dei på operasjonssentralen fortsatt sa at det ikkje var nødvendig 05.29, ringte da ordføraren medan eg satt i bilen. Det var da høg vassføring, men ikkje nok til å bli oppfatta som flaum.
- Oppretta hendelse i CIM 05.43
- Starta å kalle inn folk 05.47, men hadde ikkje hell i starten
- Rådmann på plass ca 07.00-07.15
- Ordførar på plass ca 07.15-07.30. vatnet gjekk no over vegen fleire stader ordføraren hadde køyrd.
- Oppstart å rigge beredskapsrommet ca 07.30.

Innkalling

Tidleg varsling er viktig for å klare å rigge ein stab så raskt som mogleg. Det er viktig å kalle inn nok folk frå fleire tenester, og så heller sende folk heim om det ikkje blir så stort som ein fryktar.

Til tross for at det var sundag fekk vi stabla på plass KKL ganske raskt. Ikkje alle som er tiltenkt roller i KKL hadde anledning til å koma, enten på grunn av at dei var bortreist eller fordi dei var på feil side

av vatnet når Bismo vart innestengd. Det blir likevel oppfatta som at vi hadde dei ressursane vi trengde for å ha kontroll.

Det blir kommentert at ambulansa burde vore kalle ut tidlegare, og at det er viktig å få på plass blåljusetatane tidleg slik at dei får danna seg ei oversikt.

Deltakarar i Kommunens kriseleiing og eksterne aktørar

Utover sundagen vart det mange som deltok i redningsarbeid ute i bygda. Desse hadde representantar som var med i KKL og stabsmøtene som var ca ein gong i timen.

Frå kommunen var desse representert:

- Rådmannen
- Ordførar
- Beredskapskoordinator
- Teknisk vakt
- Leiar for tekniske tenester
- Leiar for heimetenestene
- Kommunelege
- Brann
- Informasjonavdelinga
- VVA

I tillegg var varaordførar med sundag, da han ikkje kom seg heim att på grunn av flaumen.

Eksterne aktørar:

- Politi
- Røde kors
- Sivilforsvaret
- Heimevernet
- Ambulanse
- NVE
- Mesta
- Statens vegvesen
- Skjåk Energi

Politi

KKL opplevde at politiet hadde nok mannskap i Skjåk. Dette var svært betryggande, også her såg vi at det var stor hjelp at politiet hadde lokal kjennskap.

Politiet hadde mykje mannskap dei 2 dagane i Skjåk og Lom. Sundag var det 11 mann som gjekk skift, måndag var det 9 mann på skift.

I tillegg var det 1 politihelikopter som jobba med evakuering både sunda og måndag.

Informasjon

Informasjonsarbeid er viktig ved ei stor hending som flaumen. Vi opplevde at dei 2 som er tiltenkt denne rolla ikkje kunne komma til KKL på grunn av flaumen. Dei fekk likevel lagt ut mykje god informasjon på heimesidene og facebook.

Respondentane til evalueringa gir informasjonsarbeidet mykje skryt. Dei påpeiker at det var god dekning av hendinga på heimesida og bruk av sms.

Fleire meiner at vi kunne brukt sms-varsling enda meir, og gjerne med oppmodning om å fylge med på kommunen si heimeside. Vi ser at det er eit forbetningspunkt at fleire har tilgang til, og kan bruke, sms-varsling. Dette ville gjort det lettare å bruke denne ved ulike type varslingar. Det ville og gjort det lettare å få tak i telefonnummer når vi skulle evakuere.

Det var stort trykk på telefonen med spørsmål om stengde vegar. På sidene til vegvesenet ligg kun oversikt over SVV sine vegar. Det er ynskjeleg at desse sidene kan vise status på alle vegar, uansett eigar.

Vi må opprette ei eiga underside på heimesidene som omhandlar beredskapsarbeidet i Skjåk. På denne sida må det og koma klart fram kva telefonnummer eksterne aktørar skal vende seg til i ein krisesituasjon. Her må det og ligge telefonnummer som publikum kan bruke ved ei større hending som flaumen.

Beredskapsrommet

Det var roleg stemning i beredskapsrommet, og klare tider for stabsmøter. Neste møte vart avtalt på slutten av kvart møte. Dette gjorde at alle viste når vi skulle samlast att og hadde sine klare oppgaver i mellomtida.

I perioder vart beredskapsrommet brukt som pauserom. Dette kom nok delvis av at mat, kaffe og drikke vart plassert i rommet. Ein annan grunn er at det er i beredskapsrommet «det skjer». Rommet må skjermast betre.

Det er viktig at dei som har arbeidsplassen sin i beredskapsrommet brukar kontora som står tomme på resten av huset, og ikkje sitt i beredskapsrommet (om dei ikkje har ei klar rolle der).

Stabsrommet får mykje skryt for si utforming. Samstundes ser vi at det er forbetningspotensial i korleis vi organiserer rommet. Det må vere minst to store skjermar der ein kan legge CIM og kart, slik at alle ser kva som blir loggført. Her bør ein og ta opp det som blir skrive på heimeside og FB for å kvalitetssikre dette (mykje av dette kan bli plukka frå CIM). Vi må syrgje for at det er nok tavler til å skrive notater på.

Uansett kva type hending vi får vil vi ha behov for kart. Det kan vere greitt å ha store og gode kart klare på beredskapsrommet eller i nærleiken. Vi må skaffe oss kart som er hensiktsmessige i ein beredskapssituasjon.

Sundag morgon mista vi straumen i ei periode. Dette vart løyst ved at brann kobla opp eit aggregat ute. Vi må vurdere om vi treng eit straumaggregat også på kommunehuset. Kritisk IT-infrastruktur er avhengig av straum, dette må sjåast i samheng med at at KKL er avhengig av straum. Det tek lang tid å flytte staben over til Skjåkheimen, det er og ein risiko for at vi ikkje klarer få med oss alt vi treng ved ei lenger hending. Det er derfor mest hensiktsmessig å vere på kommunehuset så lenge ein trur at straumen vil koma attende.

Stabsmøte

Som sagt vart neste møte avtalt på slutten av kvart møte. Vi har likevel forbedringspunkt når det gjeld orden og disiplin i møta.

Sjølv om vi prøvde å redusere deltakarar på møta vart det til tider for mange i rommet. Vi burde vore «hardare» på kven som kunne delta i stabsmøta, og sendt dei som ikkje var leiarar eller hadde ei klar oppgåve ut av rommet. Ein måte å gjere dette lettare er å sette lapp på døra med oversikt over kven som skal delta på stabsmøta. Vi går no til innkjøp av vestar som signaliserer kven som er med i KKL og psykososialt kriseteam. Dette vil og gjere det lettare å sortere kven som skal vere i rommet under stabsmøta. Dei andre etatane har sine vestar som dei som skal delta i møta kan bruke.

Det skal ikkje vere lyd på telefonen til dei som deltek i møtet. Dei som deltek i møtet skal skjermast frå «krisenummeret» medan møtet pågår. Dette blir og kommentert under Telefon/sentralbord.

Telefon/sentralbord

På grunn av at vi har sentralbordfunksjon som «ligg i sky» har dette automatisk opningstid. Opningstida er kvardagar frå 9-15.30. Flaumen starta søndag morgon. Vi hadde ikkje gode nok rutiner på korleis ein kan få opna sentralbordet utanom den forhåndsdefinerte opningstida. Dette gjorde at sentralbordet ikkje opna før måndag morgon kl 9. Det er viktig å få på plass ei enkel og god rutine for korleis vi opnar sentralbordet utanom opningstid. Denne må ligge lett synleg ved sidan av sentralbordet.

Det vart raskt opna eit eige «flomnummer» som publikum kunne ringe, og melding om dette og nummer til teknisk vakt og politi låg på Facebook allereie kl 0610.

Telefonen med flomnummeret stod ved sidan av KKL sitt stabsbord og var betent heile tida. Vi såg betydninga av at dei som svarer på desse telefonane klarer å sile kva for informasjon det er viktig blir gitt vidare til bordet. Det at denne telefonen stod såpass nærme dei som satt i KKL gjorde at dei klarte å svare publikum på spørsmål som kom. Vi opplevde og at dette kunne vere eit forstyrrende element, særleg under stabsmøter. Enkelte samtalar vart for lange og omfattande. Dei som tek i mot telefonar må trene på å avslutte samtala når den nødvendige informasjonen er gitt. Ein må og sjå på moglegheit for å flytte telefonen ut under stabsmøta.

Vi ser at det burde vore minst 2 nummer, og 2 som kunne teke i mot telefonar. Nummera som blir brukt må vere kjend på forhånd, særleg er det viktig når sentralbordet ikkje er ope. Meir om dette under informasjon.

Samband

Det vart tidleg bestemt kva for samvirkekanal på naudnettet som skulle nyttast mellom etatene. Dette for å sikre kommunikasjon om mobilnettet hadde blitt borte. Vi ser at det er naudsynt med meir opplæring i bruken av dette. Talegruppene vart ikkje nytta og vi ser at det var enklare for dei eksterne tenestene å nytte telefonen enn naudnettet. Om vi hadde klart å bruke naudnettet ville informasjonen kome «til bordet» og fleire fått del i han enn når ein nyttar telefon til ein mottaker.

Satelittelefon vart ikkje teke i bruk. Ein viktig grunn til dette er at den ikkje virkar innomhus. Om alt anna samband hadde vorte borte ville vi måtte gå ut for å få kontakt med andre. Vi bør difor sjå på moglegheit for ei antenne til denne på beredskapsrommet.

Samband er eit tema vi jobbar vidare med.

Lokalkunnskap

Ein av dei viktigaste suksessfaktorane under denne hendinga var at dei samarbeidande tenestene og vi som var i KKL kjende kvarandre frå før. Vi hadde nettopp vore gjennom ei beredskapsøving i regi av fylkesmannen og hadde såleis litt kjennskap til kvarandre.

Fredag før hendinga hadde vi eit kommunalt beredskapsråd der fleire frå kommunen var samla. Dette gjorde at vi nettopp hadde tenkt gjennom korleis vi sett stab og beredskapsarbeid.

Vi hadde med oss lokalt politi som både var kjende for oss, og hadde lokalkunnskap som var viktig ved evakuering. Vi såg og at det er viktig med eigen lokalkunnskap ved slike større hendingar. Dette gjorde det mogleg for KKL å ligge litt i forkant og prøve å sjå kva det ville vere behov for framover. Vi har fått attendemelding om at vi på denne måten nytta ressursene godt.

Feiaren var til stade på huset søndag. Dette var til god hjelp da vi skulle ringe dei som skulle evakuerast. Hans kunnskap om kven som bur i dei ulike husa var viktig når vi ikkje fekk ut adresselister frå nett.

Søndag var det lokale deltakarar frå sivilforsvaret og Røde kors. Vi meiner at den lokalkunnskapen dei har er viktig med tanke på korleis dei kan utføre sine oppgåver. Når dei bytta vaktlag som ikkje hadde den same lokalkjennskapet merka vi dette på at kommunikasjonen tok lenger tid.

Evakuerte og pårørendesenter (EPS)

I fylge politiloven §27 ligg det til politiet og iverksette og organisere redningsinnsats der menneske liv eller helse er truga. Det vart sett i gang evakuering frå 4 ulike stader i Skjåk: Åmotsøye, Lundagrenda, Bismo og Sota/Liavatnet. Mykje av evakueringa skjedde ved hjelp av større køyrety og båtar. Vi hadde og helikopter som evakuerte ut der det ikkje var mogleg å koma seg fram på annan måte. Alt i alt evakuerte vi 96 personar, i tillegg til desse kan det vere folk som evakuerte seg sjølv.

Vi brukte eit politihelikopter og eit helikopter frå forsvaret.

Vi måtte etterkvart opprette eit evakueringssenter. Vi har avtale med Skjåk turistheim og kontakta desse. Dei var klare til å ta i mot dei evakuerte. Etter kvart måtte vi og be om å få plassere evakuerte på Mogard og i Lom hjå Fossberg.

I fylge beredskapsplanen til Skjåk kommune skal det peikast ut ein leiar for EPS, det vart ikkje gjort klart nok under flaumen. Etter kvart fekk vi tak i ein kommunal representant som kunne vere på EPS og ta i mot dei som kom dit. Vedkommande skulle registrere dei som kom og ta seg av dei. Vedkommande fekk passord i CIM og kjapp opplæring før ho tok med ein PC og gjekk bort. Vi ser at kommunikasjonen mellom KKL og EPS kunne vore betre.

Vi har fått attendemelding om at det skulle vore utnemnd ein leiar på Evakuerte og pårørendesenteret frå kommunen si side. Det var 2 kommunalt tilsette som fekk med ein PC slik at dei kunne fylge situasjonen på CIM. Tanken var at dei skulle stå for oppfølging av dei evakuerte, og registrere desse. Samstundes var det ein frå politiet til stade på EPS. Vi må gjere rutina for kva dei som er på EPS har ansvar for, og gjere det klårare at det er dei kommunalt tilsette som skal vere leiar også når politiet er til stade. Til tross for at politiet har ansvar for evakueringa.

Det er og viktig at EPS blir skjerma. Det var ikkje eit stort problem under flaumen, men ein må vere førebudd på at media gjerne vil oppsøke EPS.

Når vi opprettar eit EPS må vi gi god informasjon til redningsmannskapet om at EPS er oppretta, så dei kan rute evakuerte dit for registrering.

Vi ser at dei som kjem på EPS har mange spørsmål. Det kan difor vere lurt å lage eit informasjonsskriv som seier litt om kva dei får dekkja på EPS, og at dei skal informere om dei forlet staden.

På same måte som at kriseleiinga bør ha eit forhåndsdefinert telefonnummer som står på heimesidene må vi ha eit telefonnummer som blir sendt ut til EPS. Dette for at pårørande skal ha eit kjent nummer dei kan kontakte.

Ved denne hendinga sende vi ut sms til alle i Skjåk kommune med melding om at evakueringa var over. Denne meldinga burde vore gjort kjend for dei som var kommunale og politiet på EPS fyrst. Dette er viktig å få inn i rutine ved seinare evakuering.

Ved øvingar er det viktig at vi også øver på EPS, ikkje berre KKL. Dette for å sikre rutiner med kven som skal ha leiinga, kven som registrerer dei evakuerte og held kontakt med pårørande. Det er og viktig å øve på korleis ein skal halde seg til personar i krise.

Politiet skal være leiar på EPS.

Samarbeidende interne tenester

Samarbeidet mellom dei ulike etatane under flaumen blir beskrive som gjennomgåande godt, med tanke på ressursane vi hadde. Det at dei ulike etatene var innom i KKL på stabsmøter blir trekt fram som viktig.

Det at teknisk og helse (heimetenestene) var med frå starten blir sett som eit suksesspunkt, både internt og av andre etater. Det blir peikt på at ein burde brukt tilsette i teknisk meir systematisk til å styre entreprenører og ressursane ute. Teknisk var med i starten, og har gjeve attendemelding om at dei burde vore med i KKL. Ved å ha teknisk med i KKL kunne vi mellom anna fått ut meir og betre informasjon på heimesidene, samt hatt betre oppfølging av entreprenørane. Teknisk har og oversikt over sårbarheit og kritiske objekt/infrastruktur. Dei kunne vore med og prioritert rekkefylga. Teknisk må vere innkludert i KKL også i «fredstid», slik at dei er med på øvingar og kursing.

Heimetenestene var ein viktig ressurs når vi starta evakuering. Leiar var med frå starten, men vart ikkje innkalla. Vi bør sjå på rutinene for når Pleie- og omsorg blir kalla inn til KKL. Det vil stort sett vere naudsynt å ha dei med der store delar av Skjåk er berørt. Leiar for heimetenesta tok sjølv kontakt med rådmannen, og fekk da beskjed om å koma inn i KKL.

Leiar for Veg, vatn og avløp var ikkje i Skjåk under flaumen, men var likevel ein viktig medhjelpar under krisa. Det same gjaldt informasjonsansvarlege som ikkje kunne koma til kommunehuset på grunn av flaumen. Så lenge vi har nett og straum kan vi kommunisere med dei som ikkje er fysisk til stadet i beredskapsrommet. Dei kan såleis bidra med sin kunnskap.

Etter kvart som vi såg omfanget av flaumen burde vi kontakta dei ulike kommunale tenestene. Det har kome attendemelding frå skule og barnehage om at avgjerd om skule og barnehage skule stenge måndag burde kome tidlegare. Rektor tok sjølv kontakt med KKL for å få denne avgjerda. For å sikre

informasjonsflyten til dei ulike tenestene kan det vere hensiktsmessig at kommunalsjefane er med i KKL uansett kva type hending som oppstår.

Ein ser at skulane må ha oppdaterte kontaktlister til føresette. Desse listene må KKL ha lett tilgang til.

CIM

CIM vart brukt til loggføring under flaumen, og i dagane etterpå. Det vart oppretta mange nye CIM-brukarar, da dei fleste som var brukarar frå før ikkje kunne delta i KKL. Til tross for at alle i rommet hadde sin eigen brukar vart det loggført mest på ein. Ein grunn til dette kan vere at ein var redd for å logge av og så ikkje hugse sitt eige passord for å logge på att. Dette er ei svakheit i ettertid når ein skal sjå kva som skjedde. Alle skal logge på som seg sjølv.

Det var så travelt på telefonen at dei ikkje klarte loggføre fortløpande, noko som gjer at ting er loggført i ettertid. Dette er og ein grunn til at vi må ha 2 «krisenummer» som er kjend på førehand, slik at trykket på den som tek i mot telefonar ikkje blir så stort.

Vi ser at det var vanskeleg å finne tid til å frigje informasjonen på CIM, men det vart likevel oppfatta som nyttig både av FM, informasjonsansvarleg og dei som var på EPS. Dei som var på EPS kunne fylge utviklinga på CIM. Vi må bli enige om korleis vi skal frigje informasjon, kanskje er det nok å bruke flagging i CIM?

Presse

Pressetrykket vart etter kvart svært stort. Det var viktig å skjerme beredskapsrommet, slik at det kun var dei som skulle arbeide der som oppheld seg i rommet. Det var derfor bra at vi klarte å stoppe pressa ved skranka i fyrste etasje.

Ordføraren var kontaktpersonen til pressa og klarte stort sett å halde denne unna KKL. Skjåk kommune har i ettertid fått attendemelding om at vi burde sleppe pressa inn ein gong for å ta bilete. Dei var inne i KKL i dei to andre kommunane.

Samarbeid mellom ulike etater

Respondentane seier at dei ulike etatene hadde eit godt samarbeid under flaumen. Det blir særleg trekt fram at ein klarte å nytte ressursane ein hadde, med tanke på at det var knappheit på desse. Vi opplevde at andre eksterne etatar kontakta oss og spurde om vi ynskte deira hjelp. Dette er svært viktig i ei tidleg fase der ein ikkje har heilt oversikt over kva slags hjelp det kan vere behov for. Dei eksterne etatene veit sjølv kva dei kan tilby. Samarbeidet mellom KKL og politiet blir trekt fram som spesielt positivt.

Kommunikasjonen mellom ulike beredskapsaktører vart oppfatta som særleg god. Og det var verdifult at representantar frå dei ulike aktørane deltok på stabsmøta. Det var og god dialog mellom ulike fagområde som fekk taletid i møta og på den måten fekk koordinert arbeidet sitt. Ein ser likevel at det kunne vore betre kommunikasjon ut til dei som var ute i felten. Dette er kommentert meir under Samband.

Skjåk kommune hadde god kontakt med grannekommunanen under flaumen. Dei vart spurt om dei kunne stille med ressursar, og stilte seg positive til dette.

For å sikre eit godt samarbeid også i framtida blir det presisert av fleire at vi må halde fram med øvingar på tvers av dei kommunale tenestene og ulike beredskapsetater. Alle naudetatane må vere

kjend med kommunens planverk. Det er og viktig å halde fram med årlege samlingar av etatane som blir involvert ved ei slik hending. Vi bør få plass eigne samlingar for Skjåk, i tillegg til den regionale samlinga.

Nokre ting går att i ulike hendingar. Dei statlege aktørane kan ha standardinformasjon som blir delt under ei hending som flaumen der dei er involvert. Til dømes kan Statens vegvesen ha med eit standardskriv som kommunen kan få. Dette bør mellom anna ha informasjon om SVV sine nettsider og at kommunen kan lenke til denne om det er relevant.

Kommunikasjonsen mellom Mesta/SVV var til tider krevande, da det ikkje var samsvar mellom informasjonen vi KKL og politiet fekk og det vi opplevde av stengde vegar ute.

Røde kors, alle beslutningar foregik i KO, med politiet som innsatsleder.

Vi må syrgje for å ha ei oppdatert ressursoversikt med oversikt over kva eksterne aktører kan tilby av hjelp og materiell/maskiner.

Beverting

Ein av suksessfaktorane som blir trekt fram er bevertninga. Vi fekk raskt oppretta kontakt med Skjåk turistheim som vi har avtalt skal syrgje for mat ved slike hendingar. Det at vi fekk ordentleg mat og drikke fekk skryt av fleire. Når slike hendingar dreg ut i tid og ein blir gåande innandørs er det viktig med næringsriktig mat.

Gjenoppretting

Nokre attendemeldingar går på dagane etter flaumen.

Skulehelsetenesta var til stade på skulen dagen etter flaumen. Dette var viktig for å kunne fange opp dei ungane som trongde nokon å snakke med. Vi ser og eit behov for å lage ein samlingsplass etter ei slik hending, der folk kan treffast og drikke kaffe medan dei får prata litt. Helsestasjonen hadde influensavaksinering same veke som flaumen. Dei hadde svært stor pågang samanlikna med tidlegare, og opplevde at mange kom for å prate om det som hadde skjedd.

Ved ei seinare hending må ein syrgje for eit folkemøte kort tid etter hendinga. Dette for at dei berørte skal kunne koma med attendemeldingar på korleis hendiga vart handtert, og for å kunne debriefe litt saman.

Ordføraren og beredskapskoordinator var på skulen tysdag morgon og informerte elevane om korleis vi jobbar under ei slik hending. Dette for å trygge elevane på at det er eit apparat som trer i kraft ved slike hendingar. Ei liknande orientering burde vore for vaksne også.

Vi burde teke oss tid til å rigge ein organisasjon som tok seg av flaumen også i vekene etterpå. Vi hadde eige mottak den fyrste veka, men burde halde fram med stabsmøter for å halde informasjonsflyten i gang. Barnehage og skule fekk ikkje eigen beskjed om at dei skulle koke vatnet.

For enkelte i organisasjonen vart det ekstremt mykje arbeid dei fyrste vekene etter flaumen. Desse burde hatt moglegheit for ein «timeout». Vi må vurdere om vi skal ha ein eigen beredskapstelefon som kan gå på omgang. Det vil gje eit beredskapsnummer til kommunen, uansett årstid. Og det gjev tilsette moglegheit for fri.

Kommunen burde fokusert meir på opprydding i dagane etter flaumen. Fleire av respondentane påpeiker at vi må vere offensive i forhold til staten for å redusere dei økonomiske kostandene. Flaumen må føre til eit auka fokus på kor ein oppbevarer «søppel» og rundballar.

Vegen vidare

No er det viktig at vi tek tak i dei forbettringspunkta vi ser og innarbeider dei i beredskapsarbeidet vårt og framtidig planverk.

Denne rapporten er ikkje utfyllande, det vil sikkert vere punkt som ikkje har kome fram i evalueringa og som nokre av dei som var med i arbeidet under flaumen saknar. Vi ber om at desse da tek kontakt med oss slik at vi får det inn i det vidare arbeidet.

Del II – Evaluering av regionale etatar si handtering av flaumen

Bakgrunn

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har bedt Fylkesmannen om ein evalueringsrapport etter flaumen i Skjåk kommune. Fylkesmannen har difor i samarbeid med Skjåk kommune laga ein evalueringsrapport i samband med akuttfasen av flaumhendinga. Fylkesmannen har spurt medlemmer i fylkesberedskapsrådet frå involverte regionale etatar om fylgjande spørsmål;

- Varsling; Frå kven og når ble dykkar varsla om hendinga og kven varsla dykkar?
- Avgjerder: Kven tok dei ulike avgjerdene og på kva slags grunnlag?
- Ressursar: Hadde din etat nok ressursar til å handtere hendinga? Dersom ikkje, kva slag ressursar var det som mangla?

Del II «Evaluering av regionale etatar si handtering av flaumen i Skjåk kommune» er difor i denne rapporten berre vurdert ut ifrå svara Fylkesmannen har motteke på desse spørsmåla. Fleire av dei regionale etatane har egne evalueringar av hendinga.

Regionalt involverte aktørar:

- Fylkesmannen
- Politiet
- Statens Vegvesen (SVV)
- Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
- Sivilforsvaret
- Røde Kors
- Forsvaret
- 110 sentralen
- Interkommunalt utval for akutt forureining (IUA)
- Kystverket

Fylkesmannen, samordning og beredskapsstaben

Fylkesmannen fekk oransje varsel frå NVE den 14.oktober kl. 10.58 og raudt varsel kl. 14.25. Varsla vart vidaresendt til aktuelle kommunar og Fylkesberedskapsrådet med ein gong.

Etter at NVE den 14.oktober kl.10.58 sendte ut oransje varsel og politiet hadde varsla om evakuering av personar i Skjåk tok Fylkesmannen sin beredskapssjef kontakt med ordførar i Skjåk og fleire representantar i fylkesberedskapsrådet, blant anna Statens Vegvesen, Politi med fleire.

Fylkesmannen hadde den 15.oktober kontakt med råka kommunar, Kystverket, 110 sentralen, lokalt brannvesen, IUA og Glasopor AS.

Politiet Innlandet

Første meldinga om flaumen kom til operasjonssentralen frå Skjåk 14.10. kl. 03.00. Patruljen som var på aktiv patrulje fylgde opp meldingane som strøymde inn til operasjonssentralen utover natta og morgonen . Tidleg morgon den 14.10 varsla operasjonssentralen dei ansvarlege i Skjåk og Lom

kommune. Patruljen gjekk inn i kriseleiinga, og nye mannskap vart utkalla for å handtere den operative delen.

Tett og god dialog mellom operasjonssentralen på Hamar, leiar av geografisk distriktseining på Lillehammer (GDE), leiar av tenesteeininga og seksjonsleiar orden i Nord Gudbrandsdal samt den operative styrken ute i felten.

Politiet (tenesteeininga) Nord Gudbrandsdal klarte å handtere hendinga med bruk av berre eigne mannskap. Desse gjekk til tider lange vakter. Politiet deltok i krisestaben i Skjåk, Lom, og Vågå (tett oppfølging på telefon), samt Sel.

Politiet sette ikkje kriseleiing og ser i ettertid at man burde gjort dette for å fått eit endå betre situasjonsbilete. Operasjonssentralen ble heller ikkje oppbemanna. Ein var difor heldig at det ikkje var fleire samtidige hendingar. Operasjonssentralen svarte Hovudredningssentralen i Sør-Noreg (HRS) at bistand ikkje var tidskritisk samstundes som ein bad Forsvaret om å rekvirere to militære helikoptarar for evakuering.

Statens Vegvesen

Statens vegvesen vart varsla om flaumen den 15. oktober om lag kl. 05.33. Vi vart varsla av vår eigen vegtrafikksentral.

Avdelingsdirektør tok avgjerd på å sette forsterka linjeleiing. Etter at forsterka linjeleiing vart etablert er det leiaren av denne som tek avgjerdene. Avgjerder blir teken mellom anna på bakgrunn av dei rapportane vi får frå byggherrepersonell som er på staden.

Statens vegvesen hadde nok ressursar til å handtere denne hendinga. Vi hadde stort fokus på å redusere skadeomfanget og informere trafikantar og omverda på ein best mogleg måte. Statens vegvesen meiner flaumen vart handtert på høveleg vis. Driftsentreprenøren var snøgt i gang med naudsynte tiltak og Statens vegvesen var snøgt på plass med naudsynt byggherrepersonell. Attpå til fekk Statens vegvesen tidleg etablert forsterka linjeleiing. Dette var viktig av fleire grunner. Statens vegvesen fekk snøgt oversikt over situasjonen og fekk sendt ut snøgg og effektiv informasjon til trafikantar og media og informasjonen, som vart sendt ut var rett. Vi opplevde godt samarbeid og kommunikasjon med lokale beredskapsaktørar som Siviltforsvaret og Politiet. Medarbeidarar frå Statens vegvesen var fysisk innom krisestaben til Skjåk kommune og det meiner vi var nyttig.

NVE

NVE Region Øst ble varsla av NVE sin nasjonale flaumvarslingsteneste. NVE Region Øst tok deretter kontakt med Skjåk kommune kor det var etablert eit lokalt beredskapsråd i kommunen saman med lokalt politi. Etter ei oppmoding om rettleiing i høve til handtering av situasjonen lokalt i Skjåk frå Skjåk kommune og lokalt politi, ble det sendt personell frå NVE Region Øst på Hamar til Skjåk. Alle avgjerder ble tatt lokalt på Hamar med grunnlag i informasjon frå flaumvarslingstenesta og informasjon frå Skjåk kommune.

Samarbeid mellom NVE og lokal beredskapsorganisasjon. God handtering lokalt av Skjåk kommune. Vi opplevde et godt samarbeid mellom involverte etatar, og særskilt med kommune og lokalt politi i Skjåk. Vi vurderer at vi hadde tilstrekkelege ressursar til å handtere nett denne situasjonen og at vår mobilisering var godt tilpassa situasjonen slik den faktisk ble.

Sivilforsvaret

Tidleg varsling. Oppdraga var evakuering og sikring av bruer. God dialog med alle aktørar.

Røde Kors

Oppland Røde Kors vart varsla av Politiet på telefon gjennom operasjonssentralen via Opplandsvakta.

Ved oppmøte bad Politiet om at Skjåk Røde Kors vart representert i kommandoplassen (KO) på kommunehuset. Alle avgjerdene føregjekk i kommandoplassen (KO) med Politiet som innsatsleiar. For Røde Kors sin del så ble det gjennomført anna arbeid enn det som vart bestemt av innsatsleiar i KO.

Skjåk Røde Kors hadde nok ressursar til å gjennomføre dei oppdraga KO ga dei. Nokon av Røde Kors medlemmane brukte eigne traktorar i arbeidet med fleire evakueringar.

Forsvaret

14.oktober registrerte Heimevernet sin områdesjef gjennom nyheitene at det var flaum i Ottadalen. Områdesjefen sendte fast tekstmelding (kl. 1206) til ordførarane i Ottadalen (Vågå, Lom og Skjåk kommunar). Ordføreran i Skjåk ringde med ein gong tilbake og meldte frå om at Forsvaret (områdesjef) var ynskja inn i kriseleiinga. På dette tidspunktet hadde kriseleiinga allereie oppmoda Forsvaret (FOH) om helikopterstøtte til evakuering.

Områdesjefen varsla Sjef HV-05 om situasjonen og møtte deretter opp hos kriseleiinga.

Områdesjefen fekk ansvar for å være bindeleddet til Forsvaret sine andre einingar i innsatsen som var:

- Vakthavande offiser (VO) i Forsvarets Hovudkvarter i Bodø (FOH)
- Mannskapet på Bell 412 helikopter
- Forsvaret sine 2 ingeniørar, som var på Dombås i samband med NATO-øvinga Trident Juncture 2018

Politiet oppmoda etter kvart om støtte av eit Sea King helikopter. Beredskapsoverlapping hindra dette, men det kom eit Bell 412 helikopter til frå Forsvaret.

Natt til måndag den 15. oktober kl. 0130 oppmoda Politiet, HV-05 om å stille om lag 10 mannskapar til vakthald på stengte bruer og vegar. Dette ble satt i verk.

Bortsett frå avgjerda til ordførar i Skjåk om at områdesjefen var ynskja, var det Politiet som tok avgjerdene om kva slag type innsats og kva utstrekning det var behov for ressursar.

HV stilte med dei ressursane som vi ble oppmoda om frå Politiet. Dette handla i hovudsak om personell.

110-sentralen

Den 14. oktober kl. 08.33 fekk vi melding frå ein adresse i Skjåk om vatn i kjellaren. Meldinga ble då sendt til brannvesenet i Skjåk, som rykka ut for bistand.

IUA Oppland

IUA Oppland fekk ei førehandsvarsling om hendinga av 110 sentralen på søndag den 14. oktober. Vi kunne ikkje vite omfanget av forureininga på søndagen og vi vurderte at det var lite å gjere i ei

flaumstor elv og at det var seint på dagen og det begynte å bli mørkt. Lokalt brannvesen var opptatt med akuttfasen. Fyrst på måndag morgon var omfanget av forureininga klår. På måndag fekk IUA eit varsel av Fylkesmannen i Oppland som oppmoda om å aksjonere og dra til Vågåvatnet i samband med utslepp av glasopor. IUA Oppland hadde ikkje nok ressursar til å handtere hendinga åleine. Lensar og utstyr med mannskap for å starte rydding vart rekvirert frå nabo IUA, samt frå Kystverket. I tillegg var det fleire private aktørar.

Kystverket

Kystverket vart varsla 15. oktober kl. 10.18 ved Miljøeininga hos Fylkesmannen. Med dei ressursane som var tilgjengelege, så gjennomførte IUA Oppland saman med andre involverte ein god jobb i bruken av lensar. Hovudoppgåva var å hindre at glasopor rant vidare ned i elva. Kystverket var ikkje mykje inne i hendinga og av erfaring så vil akuttfasen være å prøve og feile litt når man ikkje har erfaring med tilsvarande hendingar frå før av.

Oppsummering av regional bistand:

Stab, forsterka linjeleiiing under akuttfasen av flaumen;

Ingen av dei regionale etatane som var involvert under flaumen i Skjåk 14. og 15.oktober sette kriseleiiing under hendinga. Fleire etatar valde derimot å forsterke linjeleiiinga med personar i regionleddet.

Samordning

Bruk av Fylkesberedskapsrådet (FBR)

Fylkesmannen har ansvaret for samordning og vurderte at det ikkje var behov for eget møte i Fylkesberedskapsrådet, men hadde løypande kontakt med relevante aktørar i rådet under hendinga.

Rapportering

Fleire kommunar sette kriseleiiing og delte situasjonsrapportar i kommunen sitt dataverktøy for handtering av hendingar (CIM) til Fylkesmanen.

Øvingar

Fylkesmannen øver alle kommunane annan kvart år. I 2018 har 13 kommunar deltatt i øvingar i regi av Fylkesmannen. I tillegg kjem øvingar som kommunane sjølve lagar.

Fylkesmannen gjennomførte beredskapsøving av kriseleiiinga i Skjåk kommune 12. september 2018. Dette var ei øving av heile regionen kor Skjåk og Sel kommune øvde på same senario. Lom, Vågå, Lesja og Dovre var observatørar under øvinga. På øvinga deltok lensmann og brannsjef frå nødetatane.

Hendinga viser at øving gjer meister. Dei som øver, kjem vanlegvis best ut av det under ei verkeleg hending. Det er og viktig å kjenne dei personane som sit i dei ulike rollane ved ei hending og kva

arbeidsoppgåver dei ulike har. Når ein er øver saman regelmessig er det enklare i ei krise og ta direkte kontakt.

Statsrådsbesøk

Kommunal- og moderniseringsminister Monica Mæland, Justis, beredskap-, innvandringsminister Tor Mikkell Vara og Olje- og energiminister Kjell-Børge Freiberg og direktør i DSB Cecilie Dae besøkte Skjåk den 16. oktober. Ordførar og rådmenn i Lom, Vågå og Sel kommune og Fylkesmannen i Oppland, Sivilforsvaret, Statens vegvesen, NVE, HV05, brann- og redning og politiet var også til stades på møtet.

Besøket starta med eit møte på kommunehuset før ministrane fekk sjå øydeleggelsene som vatnet hadde forårsaka. Hovudbodskapen frå ordførarane til statsrådene var at lokalkunnskap er særskilt avgjerande ved slike hendingar. Ressursane må finnes ute i kommunen og det er heilt avgjerande at disse ressursane finn kvarandre i tide.



Foto: Foto Fylkesmannen i Innlandet

Fylkesmannens vurdering

Fylkesmannen meiner at Skjåk kommune handterte hendinga særskilt godt. Det gjeld også dei regionale aktørane.

Anbefalingar som bør fylgjast opp av departement og/eller direktorat:

- DSB bør prioritere det påbegynte arbeidet med å skaffe til veie og utvikle eitt kartbasert verktøy for produksjon av eit sams situasjonsbilete. I eit slik kart kan man til dømes syne øydelagt infrastruktur som stengte veger, områder som er utan straum, mobilmaster ute av funksjon og liknande. Arbeidet er påbegynt, men er komplisert på grunn av at ulike etatar har forskjellige oppbyggingar. DSB har ansvaret for prosjektet.

- Storsamfunnet sitt ansvar jamfør flaumsikring i utsette områder må prioriterast. Det tek lang tid før raude områder som er knytta til flaum og skred vært utreia frå potensiell fare til reel fare. Som følgje av dette tek det tid før konkrete tiltak kjem på plass i utsette området kor det er fare for liv og helse.
- Varsla frå NVE kom for seint. Fylkesmannen tok den 14.oktober imot oransje varsling kl. 10.58 og raud varsling kl. 14.25. NVE sin flaumvarslingstjeneste bør vidareutviklast.

Suksessfaktorar og andre erfaringar

- Rekvirering av helikopter for evakuering, frivillige og Sivilforsvaret og Forsvaret: Tidleg rekvirering av helikopter frå Forsvaret er svært viktig. På grunn av Trident Juncture 2018, var Forsvarets helikopter i nærleiken og kom difor snøgt inn i arbeidet med evakueringa.
- Lokalkunnskapen til dei ressursane som deltok i akuttfasen var avgjerande. Dette på grunn av at dei kjenner folk, lokale vegar og lokale ressursar.
- Regelmessige – og realistiske- beredskapsøvingar av kriseleiinga, god kjennskap til kvarandre og sine oppgåver. Fylkesmannen øver kommunane i relevante hendingar frå deira ROS og hendingar som er typiske for den einskilde kommune.
- At lokale ressursar tidleg møtte opp på kommunehuset og ytte hjelp med sin fagkompetanse. Dette var viktig for å kome raskt i gong i akuttfasen.
- Det var heilt vesentleg at Politiet deltok som ein del av kriseleiinga, knytt til raske avgjerder i samband med liv og helse.
- Rekvirering av kritisk materiell -brumateriell bør rekvirerast primært hjå Statens vegvesen og ikkje Forsvaret. Dette på grunn av tilgjengelegheit/kapasitet, økonomi og varigheit for bruk av bruer.
- Regionale etatar bør ved oransje varsel frå NVE vurderer å sette kriseleiing. Ved raudt varsel skal kriseleiing settast.
- I ein slik situasjon kan straum og mogelegheita for kommunikasjon også bli råka. Difor er det viktig at kriseleiinga i kommunar, og andre statlege og regionale beredskapsaktørar har naudnett som eit alternativt samband. Kommunane bør ha ein terminal, som er dedikert dedikerte terminalar til kriseleiinga, opplæring og trening. Alle kommunar må ha ein plan for kva som skal gjerast om straum og telefon fell bort.
- Eigenberedskap: I ei naturhending kan folk bli isolerte. Innbyggjarane må ha eit lager med mat og utstyr for å klare seg sjølv i 72 timar. Alle må vite kva dei skal gjere om straumen og telefonen ikkje fungerer under ei hending.

Vedlegg

Evaluering av beredskapsarbeidet under flaumen i Skjåk 14. og 15. oktober 2018

På dette skjemaet kan du skrive dine erfaringer og tanker frå flaumen 14. og 15. okt. Du står fritt til å sende skjemaet til meg på epost, eller skrive det ut og fylle ut anonymt. Om du ynskjer å vere anonym må du fylle ut skjemaet og legge det i ein konvolutt som du så legg i posthylla mi. Treng du meir plass kan du skrive på eige ark.

Svarfrist 16. november

Eg vil uansett behandle alle skjema konfidensielt.

Kva tenker du vart handtert på ein god måte under flaumen?

Kva tenker du kunne vore handtert betre?

Korleis opplevde du samarbeidet mellom dei ulike etatane?

Korleis kan vi legge til rette for eit godt samarbeid mellom etatane i framtida?

Har du tanker rundt arbeidet etter flaumen?

Har du forslag til konkrete tiltak vi bør ta tak i med tanke på beredskap?

Anna

Frivillig

Arbeidsstad:

Namn: